

MØTEPROTOKOLL

BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP

Møtedato: 25.06.2026**Møtestad:** Formannskapssalen 3. et.,
Bjørnafjorden rådhus**Møtetid:** 09:00 - 13:43**Behandla saker:** 74-88/2026

Møteleiar:	Parti:
Terje Søviknes	FrP

Møtedeltakarar:	Parti:
Asle Olsen	SV
Espen Aspenes	FrP
Hans Vindenes	H
Helge Steinum	Ap
Jon-Ivar Revne	INP
Laila Marie Reiertsen	FrP
Line Furubotn Storum	Ap
Marie Elisabeth Lunde Bruarøy	H
Terje Søviknes	FrP

Forfall meldt frå følgjande medlemmer:	Parti:
Emil Tetlie Brimsholm	H
Trine Lindborg	Ap

Følgjande varamedlemmer møtte:	Parti:
Hans Vindenes	H
Line Furubotn Storum	Ap

Frå administrasjonen møtte:

Kommunedirektør Arild M. Steine, kommunalsjefane Monica Totland Melvold, Line Rye og Eystein J. Vennesla, økonomisjef Ingrid Karin Kaalaas, HR-sjef Ingrid Kristin Askvik, rådgivar Ingrid E. Tøsdal og møtesekretær Elisabeth Vinje Nydal

Orientering:

Møteprotokoll blir elektronisk godkjend i påfølgande møte.

Sakliste

Saksnr	Arkivsaksnr./Tittel
74/2026	26/6085 Godkjenning av innkalling, møteprotokoll og sakliste
75/2026	26/6085 Nytt frå administrasjonen
76/2026	21/2778 Prosjektgjennomgang - status
77/2026	26/931 Avkastningsrapport pr mai 2026
78/2026	22/9454 Søknad om tilskot til restaurering av M/B Snøgg
79/2026	26/5695 Søknad om stønad til Bjørnefjorden utdanningsmesse 2026
80/2026	26/3944 Høyringsuttale til forslag om endringar i vallova
81/2026	25/20637 Førebuing til generalforsamling 2026 i ASVO Bjørnafjorden AS og ASVO Bjørnafjorden Holding AS
82/2026	26/5561 Førebuing til generalforsamling 2026 i Bjørnafjorden utviklingsselskap AS
83/2026	26/4824 Orientering om oppstart av planvask av reguleringsplanar
84/2026	25/4423 Behandling av arealinnspel til kommuneplanens arealdel (KPA) - Næring, råstoffutvinning og fritids- og turistføremål
85/2026	26/6085 Politisk kvarter
86/2026	26/6085 Næringslivets kvarter
87/2026	25/24395 Rekneskapsrapport pr mai 2026
88/2026	26/5703 Lokal forskrift om satsar for berekning av grunntilskot til private ordinære barnehagar i Bjørnafjorden kommun for tilskotsåret 2027

74/2026 - GODKJENNING AV INNKALLING, MØTEPROTOKOLL OG SAKLISTE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga.
Møteprotokoll frå 04.06.2026 blei godkjend.
Det var ingen merknader til sakslista.

Behandling og vedtak i sak 74/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 25.06.2026

Behandling:

Møtet blei sett kl. 09:00

Innkallinga blei godkjent.
Møteprotokoll frå 04.06.2026 blei godkjend.

Merknader til saklista frå ordførar Terje Søviknes, FrP

- Saklista teller sakane 74-88/2026
- 87-88/2026 blir behandla før sak 85/2026 Politisk kvarter
- Det er ingen innkomne spørsmål i sak 85/2026 Politisk kvarter og 86/2026 Næringslivetskvarter. Kjem det ingen spørsmål i løpet av møtet utgår sakane.
- Det blir ein del utfyllande informasjon frå administrasjonen i sak 75/2026 Nytt frå administrasjonen.

Saklista blei godkjent med merknader.

Vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga.
Møteprotokoll frå 04.06.2026 blei godkjend.
Saklista blei godkjent med merknader.

75/2026 - NYTT FRÅ ADMINISTRASJONEN

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ingen vedtak i saka.

Behandling og vedtak i sak 75/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 25.06.2026

Behandling:

Kommunedirektøren og representant frå juridisk rådgjevar Advokatfirmaet Harris v/ Nina Hadler-Olsen orienterte om pågåande personalsaker
Kommunedirektøren ba om at orienteringa blei halde under ei lukka sekvens.

Ordførar Terje Søviknes, FrP foreslo å lukka møte jf. KommuneLOVA §11-5 2. ledd, OffentlegLOVA §13 og ForvaltningsLOVA §13.
Bjørnafjorden formannskapet sluttar seg til dette.

Møtet blei lukka kl. 09:03

Møtet blei opna kl. 09:53

Møtet blei midlertidig heva for pause kl. 09:53

Møtet blei sett att kl. 10:00

Rådgivarane Eivind Solberg, Jannicke Mitsem og Erlend Herdlevær orienterte om KOSTRA-tala

Vedtak:

Ingen vedtak i saka.

76/2026 - PROSJEKTGJENNOMGANG - STATUS

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka vert tatt til orientering.

Behandling og vedtak i sak 76/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 25.06.2026

Behandling:

Prosjektsjef Grete Nesheim orienterte om blandt anna:

- Tellevika
- Lov om off. anskaffelse vert endra frå 1. juli
- Åsen-Helleskaret, Veg og VA
- VA Hatvikvegen
- Solstrand-Kuhnle
- Råvassledningar i Gåssandvatnet
- Parkering i fjell - reguleringsplan
- Lyseparken aust. ombruksmassar - reguleringsplan

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Møtet blei midlertidig heva kl. 11:14

Vedtak:

Saka vert tatt til orientering.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar avkastningsrapport pr. mai 2026 frå Norne Securities til orientering.

Behandling og vedtak i sak 77/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 25.06.2026

Behandling:

Møtet blei sett att kl. 11:45

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Kommunestyret tar avkastningsrapport pr. mai 2026 frå Norne Securities til orientering.

78/2026 - SØKNAD OM TILSKOT TIL RESTAURERING AV M/B SNØGG

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden kommune meiner det er viktig at M/B Snøgg blir sikra for ettertida som eit maritimt krigsminne. Formannskapet løyver kr 100.000,- til Vernelaget for M/ Snøgg til restaureringsarbeida. Tilskotet går frå formannskapet sitt disposisjonsfond.

Behandling og vedtak i sak 78/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 25.06.2026

Behandling:

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Bjørnafjorden kommune meiner det er viktig at M/B Snøgg blir sikra for ettertida som eit maritimt krigsminne. Formannskapet løyver kr 100.000,- til Vernelaget for M/ Snøgg til restaureringsarbeida. Tilskotet går frå formannskapet sitt disposisjonsfond.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden formannskap løyver kr 50.000 til Lions Club Os som stønad til gjennomføring av Bjørnefjorden utdanningsmesse 2026.

Løyvinga blir gitt frå formannskapet sitt disposisjonsfond (fondsnummer 25600002 i rekneskapen). Kommunedirektøren får fullmakt til å gjera budsjettreguleringa.

Behandling og vedtak i sak 79/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 25.06.2026

Behandling:

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Bjørnafjorden formannskap løyver kr 50.000 til Lions Club Os som stønad til gjennomføring av Bjørnefjorden utdanningsmesse 2026.

Løyvinga blir gitt frå formannskapet sitt disposisjonsfond (fondsnummer 25600002 i rekneskapen). Kommunedirektøren får fullmakt til å gjera budsjettreguleringa.

80/2026 - HØYRINGSUTTALE TIL FORSLAG OM ENDRINGAR I VALLOVA

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden kommunestyre vedtek følgjande høyringsuttale til forslaget til endringar i vallova:

Bjørnafjorden kommune viser til høyring om forslag om innføring av krinsvis oppteljing av førehandsstemmer.

Bjørnafjorden kommune meiner at forslaget vil ha fleire uheldige konsekvensar som ikkje står i rimeleg forhold til den avgrensa nytteverdien av forslaget. Kommunen vil særleg peika på følgjande:

- Forslaget kan utfordra prinsippet om hemmeleg val, særleg i små stemmekrinsar og i kategoriar med få førehandsstemmer. Det ligg ein risiko for at einskilde veljarar indirekte kan bli identifiserte. Vidare kan auka bruk av konvoluttstemmer i staden for at veljaren legg stemma si rett i valurna, svekka veljaren sin tillit til valet er hemmeleg. Opplevinga av at valet er hemmeleg er grunnleggjande for tilliten til valordninga og til demokratiet.
- Forslaget inneber auka risiko for avvik som følgje av fleire manuelle prosessar, mellom anna knytt til merking av stemmesetlar med stemmekrinsnummer ved stemmemottak, og sortering av stemmesetlane under oppteljinga.
- Endringa vil føra til meir kompliserte rutinar og auka ressursbruk for kommunane, både ved stemmemottak, oppteljing og opplæring av valmedarbeidarar.
- Krinsvis oppteljing vil svekkja høvet til kontroll og etterprøving av valgjennomføringa. Når stemmesetlar frå same vallokale blir fordelt på fleire stemmekrinsar, blir det meir

krevjande å avdekkja og forklara eventuelle avvik mellom tal kryss i manntalet og tal stemmesetlar ved oppteljinga.

- Utgreiinga frå Institutt for samfunnsforskning peikar på at krinsvise stemmetal har avgrensa nytteverdi både for forskning og for overordna analyse av valresultat.

Etter kommunen si vurdering kan forslaget om krinsvis oppteljing av førehandsstemmer, med meir manuell handtering og fleire potensielle feilkjelder, føra til fleire avvik og større rom for mistillit, sjølv om sjølve valresultatet ikkje nødvendigvis blir påverka. Risiko for redusert tillit til valgjennomføringa er i seg sjølv eit tungtvegande argument mot lovendringa.

Bjørnafjorden kommune vil òg peika på at forslaget står i direkte motstrid til formålet med det pågåande arbeidet til kommunekommisjonen, etter som endringa vil føra til meir ressursbruk, høgare kostnader og mindre effektiv oppgåveløysing.

Bjørnafjorden kommune tilrår difor at forslaget om krinsvis oppteljing av førehandsstemmer ikkje blir vedteke. Dagens ordning tek etter vårt syn betre vare på omsynet til hemmeleg val, god kontroll, effektiv valgjennomføring og tilliten til valordninga.

Behandling og vedtak i sak 80/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 25.06.2026

Behandling:

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak fekk 8 stemmer (3FrP, 2H, 2Ap, 1INP) mot 1 stemme (1SV) og blei vedtatt.

Vedtak:

Bjørnafjorden kommunestyre vedtek følgjande høyringsuttale til forslaget til endringar i vallova:

Bjørnafjorden kommune viser til høyring om forslag om innføring av krinsvis oppteljing av førehandsstemmer.

Bjørnafjorden kommune meiner at forslaget vil ha fleire uheldige konsekvensar som ikkje står i rimeleg forhold til den avgrensa nytteverdien av forslaget. Kommunen vil særleg peika på følgjande:

- Forslaget kan utfordra prinsippet om hemmeleg val, særleg i små stemmekrinsar og i kategoriar med få førehandsstemmer. Det ligg ein risiko for at einskilde veljarar indirekte kan bli identifiserte. Vidare kan auka bruk av konvoluttstemmer i staden for at veljaren legg stemma si rett i valurna, svekka veljaren sin tillit til valet er hemmeleg. Opplevinga av at valet er hemmeleg er grunnleggjande for tilliten til valordninga og til demokratiet.
- Forslaget inneber auka risiko for avvik som følgje av fleire manuelle prosessar, mellom anna knytt til merking av stemmesetlar med stemmekrinsnummer ved stemmemottak, og sortering av stemmesetlane under oppteljinga.
- Endringa vil føra til meir kompliserte rutinar og auka ressursbruk for kommunane, både ved stemmemottak, oppteljing og opplæring av valmedarbeidarar.
- Krinsvis oppteljing vil svekkja høvet til kontroll og etterprøving av valgjennomføringa. Når stemmesetlar frå same vallokale blir fordelt på fleire stemmekrinsar, blir det meir krevjande å avdekkja og forklara eventuelle avvik mellom tal kryss i manntalet og tal stemmesetlar ved oppteljinga.
- Utgreiinga frå Institutt for samfunnsforskning peikar på at krinsvise stemmetal har avgrensa nytteverdi både for forskning og for overordna analyse av valresultat.

Etter kommunen si vurdering kan forslaget om krinsvis oppteljing av førehandsstemmer, med meir manuell handtering og fleire potensielle feilkjelder, føra til fleire avvik og større rom for mistillit, sjølv om sjølv valresultatet ikkje nødvendigvis blir påverka. Risiko for redusert tillit til valgjennomføringa er i seg sjølv eit tungtvegande argument mot lovendinga.

Bjørnafjorden kommune vil òg peika på at forslaget står i direkte motstrid til formålet med det pågåande arbeidet til kommunekommisjonen, etter som endringa vil føra til meir ressursbruk, høgare kostnader og mindre effektiv oppgåveløysing.

Bjørnafjorden kommune tilrår difor at forslaget om krinsvis oppteljing av førehandsstemmer ikkje blir vedteke. Dagens ordning tek etter vårt syn betre vare på omsynet til hemmeleg val, god kontroll, effektiv valgjennomføring og tilliten til valordninga.

81/2026 - FØREBUING TIL GENERALFORSAMLING 2026 I ASVO BJØRNAFJORDEN AS OG ASVO BJØRNAFJORDEN HOLDING AS

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek sakspapira til ordinær generalforsamling i ASVO Bjørnafjorden AS og ASVO Bjørnafjorden Holding AS 26. juni til orientering.

Behandling og vedtak i sak 81/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 25.06.2026

Behandling:

Spesialrådgivar Ingrid E. Tøsdal orienterte i saka.

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Formannskapet tek sakspapira til ordinær generalforsamling i ASVO Bjørnafjorden AS og ASVO Bjørnafjorden Holding AS 26. juni til orientering.

82/2026 - FØREBUING TIL GENERALFORSAMLING 2026 I BJØRNAFJORDEN UTVIKLINGSSKAP AS

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek sakspapira til ordinær generalforsamling i Bjørnafjorden utviklingsselskap AS 26. juni til orientering.

Behandling og vedtak i sak 82/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 25.06.2026

Behandling:

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Formannskapet tek sakspapira til ordinær generalforsamling i Bjørnafjorden utviklingsselskap AS 26. juni til orientering.

83/2026 - ORIENTERING OM OPPSTART AV PLANVASK AV REGULERINGSPLANAR

Vedtak som innstilling frå Plan-, bygg- og miljøutvalet - 24.06.2026 - 59/2026

Formannskapet tar prosjekt- og framdriftsplan for planvask til orientering.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tar prosjekt- og framdriftsplan for planvask til orientering.

Behandling og vedtak i sak 83/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 25.06.2026

Behandling:

Møtet blei midlertidig heva kl. 12:07

Møtet blei sett att kl. 12:11

Fagleiar for planavdelinga Kaisa Banne orienterte i saka.

Votering:

Innstillinga frå Plan-, bygg- og miljøutvalet blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Formannskapet tar prosjekt- og framdriftsplan for planvask til orientering. 2

84/2026 - BEHANDLING AV AREALINNSPEL TIL KOMMUNEPLANENS AREALDEL (KPA) - NÆRING, RÅSTOFFUTVINNING OG FRITIDS- OG TURISTFØREMÅL

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet vedtar å gå vidare med arealinnspele i tråd med tilrådingane til administrasjonen, jf. vedlegga.

Behandling og vedtak i sak 84/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 25.06.2026

Framlegg til vedtak frå Asle Olsen, SV - Sosialistisk venstreparti
Alternativt framlegg til vedtak fra SV

Formannskapet sender arealinnspele som er tilrådde å gå vidare til konsekvensutgreiing tilbake til administrasjonen for ny gjennomgang, med følgjande presiseringar av vekting før ny behandling:

- a) Konfliktområde knytt til kjerneområde landbruk, fulldyrka jord, overflatedyrka jord eller innmarksbeite skal vektast sterkare, i tråd med statlege planretningsliner for jordvern.
- b) Konfliktområde knytt til omsynssone for verna vassdrag skal vektast sterkare. Forholdet til forvaltningsplanen for vassdraget skal gå eksplisitt fram av vurderinga.
- c) Friluftsområde, strandsone og registrert naturverdi av stor eller særleg stor forvaltningsinteresse skal vektast sterkare, jf. naturmangfaldlova §§ 8–10.
- d) Skog med særst høg bonitet skal vektast sterkare som konfliktområde, på line med fulldyrka jord.
- e) Returen gjeld berre dei innspele som administrasjonen har tilrådd å gå vidare til konsekvensutgreiing. Returen utgjer såleis eit strengare krav, ikkje ei opning for innspel som er silt vekk i tidlegare fasar. Innspel som er silt vekk i fase 1, 2 eller 3 vert ikkje rørte.

Framlegg til vedtak frå Terje Søviknes, Fremskrittspartiet FrP/H

Formannskapet vedtar å gå vidare med arealinnspele i tråd med tilrådingane til administrasjonen, jf. vedlegga, men med følgjande endringar;

Fritids- og turistføremål

Formannskapet legg til grunn at ein ikkje kan stille like strenge krav om nærleik til eksisterande infrastruktur som overordna vegnett, kollektivaksar og vatn/avlaupe for arealkategorien Fritids- og turistføremål. T.d. kan «off grid» mikrohytter for utleige ha potensiale i reiselivsnæringa.

Formannskapet ynskjer difor at følgjande arealinnspele også går vidare til KU/ROS-analyse;

ID 25/198296	42/6	Porsholmane – mikrohytter
ID 26/12144	43/71,1,55	Innerøya - mikrohytter
ID 26/50825	45/5	Eskjeneset – off grid hytter
ID 26/50826	45/5	Vargavågen – rorbuer
ID 26/15907	28/1,60,133	Sørstrøno – ta med det som kjem inn under Fritids- og turistføremål i innspelet (heile dette innspelet vart silt vekk i fase 1 i førre runde i formannskapet 30.04.26)

Formannskapet ber administrasjonen leggja opp til ein kort fornya frist for arealinnspele knytt til Fritids- og turistføremål der kravet om nærleik til eksisterande infrastruktur som overordna vegnett, kollektivaksar og vatn/avlaupe er fjerna.

Næring

ID 26/48283	196/9, 19 m.fl.	Sævareid – ta også med areal for utfylling i sjø, ref. innspel
ID 26/48278	63/1	Hetleflåten/Søfteland

Behandling:

Fagleiar for planavdelinga Kaisa Banne var tilstades under behandlinga av saka for å svara på spørsmål frå administrasjonen.

Møtet blei mildertidig heva kl. 12:35

Møtet blei sett att kl. 12:38

Møtet blei midlertidig heva kl. 13:04

Møtet blei sett att kl. 13:11

Line Furubotn Storum, Ap ba om punktvis votering.

Votering:

Alternativt forslag til vedtak fremma av Asle Olsen, SV fekk 1 stemme (1SV) og fall.

Alternativt forslag til vedtak fremma av Terje Søviknes, FrP 5 arealinnspelet fritids- og turistføremål fekk 8 stemmer (3FrP, 2H, 2Ap, 1INP) mot 1 stemme (1SV) og blei vedtatt.

Alternativt forslag til vedtak fremma av Terje Søviknes, FrP om å leggja opp til ein kort fornya frist for arealinnspelet blei einstemmig vedtatt.

Alternativt forslag til vedtak fremma av Terje Søviknes, FrP innspelet næring ID 26/48283 fekk 8 stemmer (3FrP, 2H, 2Ap, 1INP) mot 1 stemme (1SV) og blei vedtatt.

Alternativt forslag til vedtak fremma av Terje Søviknes, FrP innspelet næring ID 26/48278 fekk 6 stemmer (3FrP, 2H, 1INP) mot 3 stemmer (2Ap, 1SV) og blei vedtatt

Vedtak:

Formannskapet vedtar å gå vidare med arealinnspelet i tråd med tilrådingane til administrasjonen, jf. vedlegga, men med følgjande endringar;

Fritids- og turistføremål

Formannskapet legg til grunn at ein ikkje kan stille like strenge krav om nærleik til eksisterande infrastruktur som overordna vegnett, kollektivaksar og vatn/avlaup for arealkategorien Fritids- og turistføremål. T.d. kan «off grid» mikrohytter for utleige ha potensiale i reiselivsnæringa.

Formannskapet ynskjer difor at følgjande arealinnspelet også går vidare til KU/ROS-analyse;

ID 25/198296 42/6 Porsholmane – mikrohytter

ID 26/12144 43/71,1,55 Innerøya - mikrohytter

ID 26/50825 45/5 Eskjeneset – off grid hytter

ID 26/50826 45/5 Vargavågen – rorbuer

ID 26/15907 28/1,60,133 Sørstrøno – ta med det som kjem inn under Fritids- og turistføremål i innspelet (heile dette innspelet vart silt vekk i fase 1 i førre runde i formannskapet 30.04.26)

Formannskapet ber administrasjonen leggja opp til ein kort fornya frist for arealinnspelet knytt til Fritids- og turistføremål der kravet om nærleik til eksisterande infrastruktur som overordna vegnett, kollektivaksar og vatn/avlaup er fjerna.

Næring

ID 26/48283 196/9, 19 m.fl. Sævareid – ta også med areal for utfylling i sjø, ref. innspelet

ID 26/48278 63/1 Hetleflåten/Søfteland

85/2026 - POLITISK KVARTER

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ingen vedtak i saka.

Behandling og vedtak i sak 85/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 25.06.2026

Behandling:

Saka blei behandla etter sak 88/2026.

Det var ingen innkomne spørsmål ved møtestart.

Helge Steinum, Ap kom med spørsmål vedkommande båten som Kode har hatt i drift til Lysøya
Ordfører Terje Søviknes, FrP svarte kort på spørsmålet.
Kode har vedteke at båten skal gå i anna drift i åra Lysøya restaurerast.

Ordfører Terje Søviknes, FrP orienterte om følgjande:

- Det kjem sak til fylkeskommunen i september om moglege løysingar fergestrekning Hatvik - Venjaneset
- Fylkeskommunen vedtok i juni utbetring av fergekai, spesielt på Hatvik

Vedtak:

Ingen vedtak i saka.

86/2026 - NÆRINGSLIVETS KVARTER

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ingen vedtak i saka.

Behandling og vedtak i sak 86/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 25.06.2026

Behandling:

Det var ingen innkomne spørsmål til næringslivets kvarter.

Saka utgår

Møtet blei heva kl. 13:43

Vedtak:

Saka utgår.

87/2026 - REKNESKAPSRAPPORT PR MAI 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tar rekneskapsrapport pr mai 2026 til orientering.

Behandling og vedtak i sak 87/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 25.06.2026

Behandling:

Saka blei behandla etter sak 84/2026

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Formannskapet tar rekneskapsrapport pr mai 2026 til orientering.

88/2026 - LOKAL FORSKRIFT OM SATSAR FOR BEREKNING AV GRUNNTILSKOT TIL PRIVATE ORDINÆRE BARNEHAGAR I BJØRNAFJORDEN KOMMUN FOR TILSKOTSÅRET 2027

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Lokal forskrift om satsar for berekning av grunntilskot til private ordinære barnehagar og
Lokal forskrift om rapporteringstidspunkt blir sendt på høyring, med høyringsfrist
15.september

Behandling og vedtak i sak 88/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 25.06.2026

Behandling:

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Lokal forskrift om satsar for berekning av grunntilskot til private ordinære barnehagar og
Lokal forskrift om rapporteringstidspunkt blir sendt på høyring, med høyringsfrist
15.september